

Manger Alver kommune

Detaljregulering for Manger, gnr. 445 bnr. 84 og 322 m.fl.

Renovasjonsteknisk plan

Dato: 31.01.2023

Nøkkelinformasjon:

PlanID: 4631 2022 007

Gnr/Bnr: 445/322, 445/84 mfl.

Antal bueiningar: 12 + 18 nye bueiningar

Affallsløysing: Avfallsbehaldarar og plastsekkar

Bustadtype: Leilegheiter

Maksimal gangavstand:

RTP revisjons nr.: 01



Innhold

1	INNLEIING	3
2	GENERELL DEL.....	3
2.1	HOVUDLØYSING FOR HANDTERING AV AVFALL	3
2.2	PLANDOKUMENTASJON/REGULERINGSPLAN	3
3	TEKNISK DEL.....	4
3.1	DIMENSJONERINGS- OG KAPASITETSBEREKNINGER	4
3.2	DETALJUTFORMING AV AVFALLSLØYSINGA.....	5
3.3	KØYREVEG, TILKOMSTVEG OG UTKØYRINGSVEG FOR RENOVASJONSBIL.....	5
3.4	TILKOMSTVEG	5
3.5	OPPSTILLINGSPLASS.....	6
3.6	UTKØYRINGSVEG FRÅ OPPSTILLINGSPLASS OG UT AV BUSTADOMRÅDET.....	7

1 Innleiing

Denne renovasjonstekniske planen tek for seg nye leilegheiter som skal etablerast i Hesthaugen i Manger sentrum. Planområdet ligg sentralt i Manger, i Alver kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fortetting i eksisterande bustadområde. Reguleringsplanen legg opp til etablering av 30 nye leilegheiter i tilknyting til eksisterande bustadområde i Manger.

Det er planlagt avfallsløysing med avfallsdunkar for restavfall, papp/papir og matavfall. Det vert nytta ein kombinasjon av 660 liters og 140 liters dunkar. For plastavfall legg ein opp til bruk av plastsekkar. Det vert lagt opp til ein ny avfallslass sentralt i høve til nye leilegheiter. NGIR har allereie Hesthaugen som ein del av sin rute og prosjektet legg opp til to nye stopp.



Figur 1: Planområdet er vist med sort linje. Nærmaste returpunkt for glas- og metallemballasje ligg i Idrettsvegen, vist med blå pil.

2 Generell del

2.1 Hovudløysing for handtering av avfall

Renovasjonsløysinga som vert skildra i denne renovasjonstekniske planen gjeld for nye bueiningar. For eksisterande bustader i feltet vert dagens løysing vidareført.

Ny avfallslass vert lokalisert sentralt i høve til bustadfeltet og tilkomstveg. Situasjonsplanen viser nøyaktig lokalisering av avfallslassen. Her blir det opparbeida ein ny oppstillingsplass for avfallsdunkar.

Det vert tilrettelagt for bruk av tradisjonelle avfallsbehaldarar med sortering av restavfall, papp/papir, matavfall og sekkar for plastemballasje.

2.2 Plandokumentasjon/reguleringsplan

Detaljreguleringa for Manger, gnr. 445 bnr. 84 og 322 er under arbeid og denne renovasjonstekniske planen er utarbeidd i samband med 1. gongs handsaming av planen.

Det er sett av areal til oppstillingsplass for avfallsbehaldarar to stader i plankartet, i f_BKT1 og f_BKT2.

Reguleringsplanens føresegn sett følgande krav til oppstillingsplassane:

§ 4.1.2 Øvrig kommunalteknisk anlegg (BKT) (§ 12-7 nr. 4)

- a) Areala skal nyttast som oppstillingsplass for avfallsbehaldarar.
- b) F_BKT1 er felles oppstillingsplass for avfallsbehaldarar til bustader innafor BKS1.
- c) F_BKT2 er felles oppstillingsplass for avfallsbehaldarar til bustader innafor BKS2.
- d) Områda skal planerast, asfalterast, og opparbeidast slik at renovasjonskøyretøy har lett tilkomst og snumoglegheiter til område.
- e) Det skal førast opp gjerde rundt områda.

2.3 Vurdering av avfallsløysing

Vegen vil verte rusta opp slik at den er tilfredsstillande for mjuke trafikantar og vanleg biltrafikk. Dei to nye bustadområda vil en få ein kombinasjon av 660 liters avfallsdunkar for restavfall og papp/papir, og 140 liters avfallsdunkar for bioavfall.

Med denne løysinga vil ein nytte same renovasjonsbil som allereie må innom området.



Figur 2 Figuren viser to alternative sporingskurver for lastebil på 11 meter.

3 Teknisk del

Dette kapittelet tek for seg det tekniske aspektet av renovasjon for bustadområdet. Det skal etablerast avfallsbehaldarar for restavfall, papir/papp og bioavfall, og plastsekker for plastemballasje. For kjeldesortering av glas- og metallemballasje skal nærmaste returpunkt (ved Manger Senter, sjå figur 1).

3.1 Dimensjonerings- og kapasitetsberekingar

Volum per bueining for avfall tek utgangspunkt i tala i tabellen, henta frå NGIR sin renovasjonstekniske rettleiar og samtale med NGIR:

- **Restavfall:** 5 bueiningar per 660 liters avfallsdunk. Henting annan kvar uke.
- **Papp/papir:** 5 bueiningar per 660 liters avfallsdunk. Henting annan kvar uke.
- **Bioavfall:** 2 stk 140 liters avfallsdunkar for f_BKT1 og 3 stk 140 liters avfallsdunkar for f_BKT2.
- **Plastavfall:** Ein vil leggje til rette for bruken av plastsekkar for sortering av plastemballasje. Det vert såleis ikkje ein felles løysing for handtering av plastemballasje. Plast vert samla opp i plastsekkar hjå kvar enkelt hushaldning, og sett ned til avfallslass på hentedagen.

Reguleringsplanen opnar for maksimalt 30 nye einingar der 12 bueiningar høyrer til f_BKT1 og 18 bueiningar høyrer til f_BKT2. Berekningar for avfallskapasitet tek derfor utgangspunkt i 12 + 18 nye einingar. Det vil verte nytta 660 og 140 liters avfallsdunkar. Renovasjonsanleggets netto kapasitet skal dekkje det totale volumet som bueiningane i prosjektet har krav på.

3.2 Detaljutforming av avfallsløysinga

Behaldarane for avfall vert plassert på avfallslass i tilknyting til ny veg og parkeringslass ved bustadfelta. Lokalisering er vist i situasjonsplanen. Det er ved hentepunktet f_BKT1 lagt til rette for inntil 2 stykk 140 liters dunkar og 6 stykk 660 liters dunkar og ved hentepunktet f_BKT2 lagt til rette for inntil 3 stykk 140 liters dunkar og 8 stykk 660 liters dunkar.

Avfallslassen skal planerast, og det skal etablerast spilevegg/gjerde rundt området som er sett av til avfallsdunkar og plastsekkar. Dette vil sikre ein estetisk og reinsleg løysing som skjermar plastsekkane for vær og vind.

3.3 Køyreveg, tilkomstveg og utkjøringsveg for renovasjonsbil

Tilkomst til planområdet er via privat veg ved Rema 1000 som tek av frå fylkesveg 525 Radøyvegen.

3.4 Tilkomstveg

Tilkomstvegen tilfredsstiller krava til lastebil (L), jf. Statens vegvesens handbok N100. Største stigning langs tilkomstvegen er 10%. Renovasjonsanlegga er lokalisert sentralt i høye til både veg og bustader i området.




Figur 3 Plan- og profiltegning for Hesthaugen til nye bustadsområder.

3.5 Oppstillingsplass

Oppstillingsplass for renovasjonsbilen vil vere i vegen inn til f_BKT1 og i Radøyvegen for f_BKT2. Det er utarbeida sporingskurver som viser snumoglegheiter for renovasjonskjøretøyet. Det vil vere 2 alternative køyremønstre for renovasjonsbil i f_BKT1. Det eine alternativet vil renovasjonsbil hente avfall på veg tilbake frå runden i Hesthaugen, og det andre alternativet vil renovasjonsbil hente avfall på veg inn til Hesthaugen.



Figur 4 Utklipp frå sporingsskisser av renovasjonsbil til f_BKT1.



Figur 6 Utklipp frå sporingsskisser av renovasjonsbil til f_BKT2.



Figur 5 Utklipp frå sporingsskisser av renovasjonsbil til f_BKT1.

3.6 Utkøyringsveg frå oppstillingsplass og ut av bustadområdet

Utkøring frå hentepunktet vert via same veg som tilkomsten. Renovasjonsbilen skal innom fleire bueiningar i område og vil nytte ny veg inn og ut av fv 525 Radøyvegen.

4 Vedlegg

Vedlegg 1: 059318065A10 Situasjonsplan, datert 26.01.2023

Vedlegg 2: 059318065A11 RTP SPORING, datert 26.01.2023

Vedlegg 3: 059318065A12 RTP SPORING, datert 26.01.2023

Vedlegg 3: 059318065C10 PLAN- OG PROFILTEGNING, datert 26.01.2023

Vedlegg 4: Planforslag, datert 31.01.2023